



# UNIVERSITETET I OSLO

Forskarforbundet ved UiO

NTL ved UiO

Parat ved UiO

Akademikarane ved UiO

Dato: 12.03.2024

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

## Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 12.03.2024

Frå organisasjonane

- Maren Ringstad og Liv Tone Måseidvåg – Forskarforbundet
- Mattias Solbakken – Akademikarane
- Helene Askeland Thuen og Lærke Ajaaja Madsen Otzen – NTL
- Ariel Sevendal - Parat
- Mari Gakkestad – lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Kari Marie Pound Davies – fungerande fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend, men det vart påpeika at sakspapira vart lenka opp for seint, og at dei ikkje fekk melding om ettersendte dokument som vart lenka opp. Organisasjonane gjer merksam på at sakspapira skal sendast ut ei veke før IDF-møte.

Fakultetet har oppretta nettsider for IDF-møta gjeldande frå 2024. Det kom nokre innspel til sakskartet, slik det vert presentert på nett, om at det kan vera litt meir utfyllande. Dei gjev ros til dei nyopprettet nettsidene, og ber om at det blir lagt ut informasjon om kvar ein kan finna dei gamle IDF-referata. Dette er no lagt ut:

[Informasjons- og drøftingsmøter ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet - For ansatte - Universitetet i Oslo \(ui.no\)](#)

## Drøftingssak

### 1. Evaluering av partssamarbeidet 2024

- a. Korleis er samarbeidet og tilliten i endrings- og omstillingsprosessar?

Akademikarane meiner samarbeidet er bra, men at saker unntaks for seint vert tekne opp i IDF.

---

**Det samfunnsvitenskaplege fakultet**  
Fakultetsadministrasjonen

Postadresse:  
Postboks 1084 Blindern  
0317 Oslo

Besøksadresse:  
Eilert Sundts hus 4. et.,  
Moltke Moes vei 31, 0851  
Oslo

Tlf: 22 85 62 64  
Faks: 22 85 48 25  
E-post: postmottak@sv.uio.no  
www.sv.uio.no  
Org.nr.: 971 035 854



# UNIVERSITETET I OSLO

2

Syner her som døme til saka om Promenta, som var meir eller mindre avklar når den kom til IDF. Dette medfører at organisasjonane og dei tilsett ikkje får teke ut sin medbestemmelse. Forskar forbundet støttar Akademikarane i dette, men at det generelt er god dialog og organisasjonane blir informert. Det er spesielt saker ute på einingane som kjem for seint til IDF. Fungerande fakultetsdirektør seier ho vil ta ein runde med instituttleiarane om dette, spesielt sidan fleire av dei er nye av året.

Dekanen seier at også fakultetet er avhengig av at dei er informert om kva som skjer ute på einingane, og at organisasjonane som er i kontakt med sine medlemmar, også kan melda saker inn saker som dei meiner bør takast i IDF.

- b. Kva fungerer godt i dagens partssamarbeid og er viktig å ta med vidare?

NTL meiner det er god møtekultur med gjensidig respekt.

Forskar forbundet er samd og meiner det er eit grunnleggjande godt samarbeid og diskusjonsklima. Dei er nøgde med at innkallingane kjem via Outlook og at dei blir lagt ut på dei nye nettsidene.

Parat er samd, og meiner ein får gehør for ting som blir tatt opp, som til dømes at det burde oppretta lokale nettsider for IDF.

Akademikarane meiner samarbeidet er godt, men føler stundom at sakene er innom IDF for at fakultetet skal «kryssa av for at det er gjort». Spesielt gjeld dette i saker som kjem for seint til IDF, då dette medfører at organisasjonane ikkje får tatt ut medbestemmelsen slik dei har krav på. Dekanen synes samarbeidet er prega av god tone og gjensidig respekt. Ofte er ein grunnleggjande einige i saker, men ein kan ha litt ulikt syn på kva nivå ei sak høyrer heime, skal det informerast, drøftast eller forhandlast.

- c. Kva utfordringar har me i dagens partssamarbeid?

NTL peiker på ei utfordring ved partssamarbeidet knytt til kommunikasjonen mellom fakultetsleiinga og dei lokale leiarane. Det synes ofte som om det er liten kommunikasjon mellom dei i forkant av dei ulike lønsforhandlingane. I tillegg til at den enkelte tilsette og dei lokale leiarane kan ha ulike forventningar til forhandlingane.

Dekanen informerer at dei ulike formene for lønsforhandlingar er nytt for mange, sidan dei er nye i rolla som leiarar. Det er laga eit opplæringsprogram for leiarane, og der er lønnsforhandlingar ein viktig del.

Akademikarane peiker på at det at sakspapira kjem for seint er utfordrande. Organisasjonane får ikkje tid til å gå i dialog med sine medlemmar i forkant av møta. Når sakspapir blir ettersendt (publisert på nett etter fristen) bør det samstundes sendast ut melding til organisasjonane slik at ein får tid til å førebu seg. Det bør vera unødvendig at ein oppdagar kort tid før møtet at det er lagt ut nye sakspapir.

Akademikarane vil gjerne også at det skal vera litt større avstand mellom IDF-møta og styremøta. No er IDF-møta på ein tysdag og styremøta på fredag same veke. Det gjev knapp tid til å få skreve eit referat frå møte, referatet skal godkjennast av møtedeltakarane, og det skal



leggjast ut for styremedlemmane slik at dei kan lesa igjennom det før styremøtet.

Verneombodet støttar dette synet om at ein bør ha litt betre tid.

Dekanen fortel at ein ser på syklusen til fakultetsstyremøta, då ein ved å flytta på desse kan skapa seg litt betre tid for når ein klara å ha sakspapira ferdige til styremøta. Møtekalendaren for 2024 er satt, men ein ser på om ein kan gjera justeringar i 2025

- d. Korleis kan partssamarbeidet bidra til at UiO vert ein nyskapande organisasjon og ein attraktiv arbeids- og studiestad, jamfør Strategi 2030?

Dekanen meiner at organisasjonane kan kome med korrigeringar, forslag til nye løysingar, og vera viktige bidragsytarar inn i saker som skal gjera at fakultetet når sine mål. Her kan det også koma idéar frå dei tilsette.

Verneombodet syner til at medverking er viktig for at dei tilsette skal vera nøgde med arbeidsplassen, noko som også kom tydleg fram i resultatet frå den førre ARK-undersøkinga ved fakultetet.

Fungerande fakultetsdirektør spør organisasjonane om dei synes det er dei rette sakene som kjem til IDF. Parat meiner at dei sakene som kjem på sakskartet skal vera der. Dekanen føl opp med at organisasjonane gjerne må koma med innspel til sakskarta.

Forskar forbundet meiner at arbeidsgjevar i større grad kan spele ball med organisasjonane i viktige personalpolitiske saker som t.d. seniorpolitikk, oppfølging av sjukefråvær og langtidsfråvær. Her kan organisasjonane koma med god innspel. Ein stiller også spørsmål til kor godt ein kjenner til personalpolitikken ute på einingane.

Fakultetet fortel at HR-opplæring av dei nye leiarane er ei prioritert oppgåve. Det er også forventa at dei tek alle dei obligatoriske kursa som UiO tilbyr på dette området.

- e. Er fjarårets evaluering følgt opp?

Forskar forbundet skulle gjerne ha sett at referatet frå fjarårets evaluering var lagt ved innkallinga.

Fakultetet ser dette, og vil sjå til at det blir lagt ved sakspapira neste år.

Det er også eit ynskje at ein i større grad orienterer om utfallet av saker som har vore i IDF.

## Informasjonssaker

### A. Fakultetsstyremøte 15. mars

Lenke til styresakene: [fakultetsstyremøte 15.mars 2024 - Det samfunnsvitenskapelige fakultet \(uio.no\)](https://www.uio.no/fakultet/15-mars-2024-det-samfunnsvitenskapelige-fakultet.html)

V-sak 3, Utlysing av stilling ved ARENA.

Dekanen orienterte om at ARENA ynskjer å lysa ut ei fast forskarstilling som er basisfinansiert, og at fakultetet innstiller på at fakultetsstyret skal avvise anmodninga om utlysing.

Faste forskarstillinger er normalt eksternt finansierte og er noko ein har ein god del av ved UiO.

Basisfinansierte forskarstillinger og nesten ikkjeksisterande ved dei andre fakulteta ved UiO. Dersom



ARENA skulle koma i ein situasjon der dei ikkje kan bera kostnadane til ei slik stilling i framtida, er det fakultetet som blir juridisk forplikta til å bera lønskostnadane, og med dette ta av midlar som kunne vore fordelt til forsking og undervising ved dei andre einingane ved SV.

Forskar forbundet synes dette er synd, då faste forskarstillingar er viktige for at ARENA skal overleva på lang sikt. Ved å avvise denne utlysinga skapar ein på nytt uro blant dei tilsette om ARENA eksistens.

ARENA er gode på å hente inn eksterne midlar, dei bidreg inn til fakultetet og har godt omdømme. Dei er heller ikkje uvillige til å bidra inn i undervisninga og dei forskar på området EU/EØS som er etterspurt både blant studentar og i samfunnet.

Dekanen peikar på at ARENA allereie har fått tildelt ekstra midlar frå fakultetet, som har gått på bekostning av anna verksemd og undervisning ved fakultetet. Dei fekk sletta eit underskot på 4 millionar og fekk i tillegg 1 million i året i 4 år. Desse midla er disponert. Det er ein betydeleg risiko dersom ARENA sjølv ikkje klarar å dekkja opp for lønnskostnader knytt til basisfinansiering. ARENA forskarar sit i reine forskarstillingar utan undervisningsplikt/-rett. Dersom dei vil inn i delte stillingar har dei høve til å søkja på slike stillingar ved fleire av einingane ved SV.

Akademikarane meiner at sjølv om saka inneheld mange sakspapir er den ikkje godt nok opplyst. Denne saka har ein lengre historie, og med nytt fakultetsstyre er det ikkje gitt at dei kjenner bakteppet til denne saka. Vidare er denne saka større enn at fakultetet vil avvise denne kunngjeringa. Det er fleire stillingar ved ARENA som er basisfinansiert og der det i framtida blir naturleg avgang. Skal ein heller ikkje lyse ut desse. Denne saka burde då heller vore teke som ein prinsipiell diskusjon om ARENA får lov til å tilsetje i basisfinansierte stillingar. Akademikarane stilte også spørsmål om kvifor fakultetet ikkje reagerte då den andre stillinga vart lyst ut tidlegare i 2023 og om det ikkje har vore dialog i etterkant av denne. Meirforbruket som vert omtala i notatet er tilbake i tid og var gradvis synkande før ein gjorde dei grepa som vert nemnt.

Notatet som dekanen har skreve til fakultetsstyret er einsidig og «mørkt» i den forstand at det berre fokuserer på dei negative sidene. Dei tilsette sit med følelsen av at dette er starten på ei langsam avvikling av ARENA, etter at dei har tent fakultetet godt i 30 år. Dette er ikkje med på å skape eit godt arbeidsmiljø ved ARENA, og ein burde hatt eit allmøte med dei tilsette der ein seier rett ut kva ein vil med ARENA.

Dekanen meiner at saka er godt opplyst, og syner til at også notatet frå ARENA er vedlagt saka. At notatet blir oppfatta som «negativt» er ei logisk følgje av at økonomisk risiko ikkje er positivt. UiO har mange eksternfinansierte sentra, men dei er eksternt finansierte. Det spesielle med ARENA er at dei har basisfinansierte forskarstillingar.

## B. Personalsituasjonen

Marit Eldholm er tilsett som ny seksjonsleiar for fakultetets forskingsadministrasjon.

Fakultetet er også i prosess med å tilsetja i stillinga som gjev leiarstøtte til fakultetsleiinga.

## C. Oppussingsprosjekt ved fakultetet

Kort orientering om dei små pågåande oppussingsprosjekta som er på fakultetet generelt og PSI spesielt. Verneombodet minner på at dei skal involverast tidleg i prosessen i oppussings- og byggeprosjekt.



## D. Status ARK

Fungerande fakultetsdirektør orienterte om status. Svarfristen var 3. mars og ein kan følgja prosessen via nettsida til ARK [Arbeidsmiljøundersøkelse 2024 \(ARK\) - For ansatte - Universitetet i Oslo \(ui.no\)](#)

## E. Persiennene i Eilert Sundts hus

Innmeldt sak frå organisasjonane

Persiennene har tidvis vore ute av drift utan at dei tilsette er informert. Fakultetsleiinga fortel at dei har vidaresend all informasjon som er komen frå Eigendomsavdelinga (EIA). Ein vil ta opp med EIA at dei må bli flinkare å sende informasjon til fakultetet når persiennene er ute av drift.

Forskarforbundet ynskjer at ei eventuell vinterstenging av persiennene blir teke opp i IDF.

## F. Porteføljeutviklingsprosjektet

Dekanen seier prosessen er eit svar på Universitetsstyrets ynskje om å kome tidlegare inn i prosessane knytt til oppretting og nedlegging av studieprogram, samt vedtak om opptaksrammer. Det blir eit nytt punkt i UiOs årshjul med eit årleg møte i september der einingane møtes for å diskutere ynskjer og planar, samt spele inn behov for bidrag frå andre einingar. Fakultetet legger opp til ein prosess der vi kan diskutere studieprogramsportefølja og opptaksrammer, men også får god oversikt over endringar gjennomført på eksisterande studieprogram som ei førebuing til septembermøtet.

## G. Avvikling av timeoverskot

Forskarforbundet stiller spørsmål om ikkje dette vore drøfta i IDF.

Dekanen fortel at det ikkje er ei felles løysing ved fakultetet. Tilsette som har eit overskot som overstig 2 semesters undervisning (800 timer) skal få dette avskrive. Dette er gjort i dialog med den enkelte tilsette dette gjeld, og mellom anna så har fleire blitt kompensert med auka driftsmidlar.

Parat etterspør at også tillitsverv burde gje utteljing i timerekneskapen, då ein ser at vitskaplege i liten grad tek på seg slike verv og at det i all hovudsak er teknisk- administrativt tilsette som tek på seg verv som tillitsvalt.

## H. Eventuelt

NTL syner til Arbeidstilsynets tilsynsrapport ved UiO, og lurer på korleis fakultetet sikrar seg mot vald og truslar mot dei tilsette.

Fungerande fakultetsdirektør seier fakultetet har laga ein risikoanalyse og kontinuitetsplan. Vidare oppmoda dei alle tilsette som er i direkte kontakt med studentar og eksterne til å ta PLIVO-kurs som UiO tilbyr. Vidare reknar ein med at HMSB får ansvar for å følgje opp tilsynsrapporten frå Arbeidstilsynet. NTL ynskjer at Arbeidstilsynets rapport blir orienteringssak på neste IDF-møte.

NTL spør om SV har kartlagt bruken av tilsetting utan forutgåande kunngjering av teknisk- administrativ tilsette i periode utover 6 månader:

Fakultetet kjenner ikkje til at det er kome bestilling frå UiO sentralt om å rapportere på dette, men kan sjå om ein kan få ut ei oversikt over bruken.

NTL ber om å få ei slik oversikt ettersendt.



# UNIVERSITETET I OSLO

6

Med helsing

Kari Marie Pound Davies  
Fungerande fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal  
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikke signert.